

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.07.2015

Vår ref.: 201202844-7

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Steinar Pettersen

22959403/stp@nve.no

## **Clemens Kraft AS – Søknad om løyve til Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune i Hordaland – høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Clemens Kraft AS, datert 15.05.2015, om løyve til Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune.

Drøllstølsbekken kraftverk vil nytte eit fall i Drøllstølsbekken på 175 m frå inntaket 915 moh. til kraftstasjonen på 740 moh. Vassvegen vil gå i ei grøft på heile strekninga og blir 1600 m lang. Det skal ikkje byggast permanente vegar, med unntak av 50 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1050 l/s, og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,7 MW og gi ein årleg produksjon på 9,5 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei 1680 m lang strekning i Drøllstølsbekken. Det er planlagd slipp av minstevassføring på 11 l/s heile året, som er lik alminneleg lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova, medrekna anleggskonsesjon, for bygging og drift av Drøllstølsbekken kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Eidfjord kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset fram til **14.09.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **14.09.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

### Region Vest

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Steinar Pettersen  
seniorrådgiver

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Papirversjon av søknaden til kommunen  
                    Kunngjeringstekst  
                    Informasjon til høyringspartane

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag  
BKK Nett AS  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Eidfjord kommune  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hardanger Energi AS  
Hordaland fylkeskommune  
Naturvernforbundet i Hordaland  
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland  
Norges Miljøvernforbund  
Statens Vegvesen - region vest  
Statnett SF  
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Kopi til:

Clemens Kraft AS